

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Fonna HF  
**DATO:** 12.04.21  
**SAKSHANDSAMAR:** Reidun Rasmussen Mjør  
**SAKA GJELD:** **Utviklingsplan for Helse Fonna HF - status**

**STYRESAK:** 26/21

**STYREMØTE:** 20.04.21

1 vedlegg

---

### FORSLAG TIL VEDTAK

Styret i Helse Fonna HF tar saka til orientering

### **Bakgrunn for saka**

Utviklingsplanen er helseføretaket sitt øvste strategiske dokument for korleis vi vil utvikle verksemda for å møte framtidig behov for helsetenester. Planen skal peika på ønska retning for utvikling av verksemda og kva tiltak som er nødvendige for å møte utfordringar i framtida. Gjeldande utviklingsplan for Helse Fonna er for perioden 2019-2022.

Styret i Helse Fonna HF fekk i møte 29.10.2021 informasjon om organisering av arbeidet med revisjon av utviklingsplanen og bad om å bli løypande orientert.

### **Proriterte tiltaksområde**

Utviklingsplanen skal danne grunnlag for prioriteringar, endringar og utviklingstiltak i føretaket med bakgrunn i nasjonale og regionale føringar.

Det er no utarbeida eit forslag til prioriterte tiltaksområde i ny utviklingsplan, ref. vedlegg. Tiltaksområda er i samsvar med:

- Føringar i Nasjonal Helse- og sykehusplan 2020-2023
- Regionale føringar i Helse 2035
- Styringsdokument
- Regionale planar
- Føringar og konklusjonar som er gjort i arbeidet med revidert konseptrapport bygg i Haugesund
- Prosjekt gjennomført ved Stord og Odda sjukehus i samband med førre Nasjonal Helse- og sykehusplan 2016-2019 og føringar frå statsråden i oppdragsdokumentet i juni 2017

Utkast oversikt over tiltaksområde som skal prioriterast i ny utviklingsplan er i tillegg revidert med bakgrunn i:

- Status for tiltaksområder i gjeldande utviklingsplan
- Innspel frå klinikkar og område i Helse Fonna

Kommunane, fagmiljøa, brukarrepresentantar, tillitsvalde og verneombod vert inviterte til å komma med innspel til tiltaksområde gjennom etablerte møtefora. Utviklingsplanen skal sendast på høyring i oktober 2021.

## Tiltaksområder i ny utviklingsplan for Helse Fonna for perioden 2023-2026

Tema	Tiltaksområde
<b>Pasienten si helseteneste</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>➤ Sikre at pasientar og pårørande får god informasjon, blir tatt med på råd og kan gjere samval</li> <li>➤ Gje opplæring i klinisk kommunikasjon og aktivt bruk av kommunikasjonsverktøy</li> <li>➤ Koordinering av tenester på tvers av faglege, organisatoriske og geografiske grenser</li> <li>➤ Legge til rette for meistring</li> <li>➤ Arbeide for å legge opplæring inn som ein del av pasientforløpa</li> <li>➤ Bruke pårørande som ressurs på ein god måte</li> <li>➤ Halde fram med å innføre ordninga med kontaktlege</li> <li>➤ Vidareføre arbeidet med å utarbeide brukarvenlege nettsider som gjev svar på ofte stilte spørsmål</li> <li>➤ Sikre reell brukarmedverknad i utvikling av tenester</li> <li>➤ Bruke pasienterfaringar og resultat frå pasienterfaringsundersøkingar i forbetring av tenestene</li> </ul>
<b>Sjå heile pasienten</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>➤ Tenke heile mennesket ved utvikling av tenestetilboda</li> <li>➤ Prioritere tiltak som kan auke levealderen til alvorleg psykisk sjuke og rusmiddelavhengige</li> <li>➤ Vidareutvikle Barn og unges helseteneste</li> <li>➤ Styrke vurderingskompetansen på tvers av fag</li> </ul>
<b>Samanhengande tenester</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>➤ Felles planlegging av tenester og pasientforløp helseføretak og kommunar for prioriterte pasientgrupper <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Barn og unge</li> <li>○ Vaksne med alvorlege psykiske lidningar og rusproblem</li> <li>○ Skrøpelege eldre</li> <li>○ Personar med fleire kroniske lidningar</li> </ul> </li> </ul>
<b>Helsefelleskapet</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>➤ Etterleve og vidareutvikle samarbeidsavtalar</li> <li>➤ Vidareutvikle samanhengande tenester til pasientar som treng tenester frå både spesialisthelsetenesta og kommunane gjennom faglege nettverk og prosjekt</li> <li>➤ Meir aktiv bruk av hospiteringsavtalar</li> <li>➤ Komme med innspel til neste Nasjonal helse- og sjukehusplan</li> </ul>
<b>Akuttmedisinske tenester utanfor sjukehus</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>➤ Gjennomgå akuttmedisinske tenester utanfor sjukehus saman med kommunane</li> <li>➤ Sikre eit samanhengande system for akutte tenester i og utanfor sjukehus som gjev tilstrekkeleg tryggleik og kvalitet</li> <li>➤ Vurdere bruk av ny teknologi i prehospitala tenester</li> <li>➤ Bidra til å motivera til den nasjonale førstehjelpsdugnaden Sammen redder vi liv, tidleg kontakt med 113</li> <li>➤ Bidra til opplæring av akutthjelparar i kommunane</li> </ul>
<b>Rask diagnostisering</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>➤ Gjennomgå organisering, leiing og kompetanse i akuttmottaka</li> <li>➤ Styrke tverrfagleg diagnostisering</li> <li>➤ Oppdage og følgje opp både somatisk og psykisk sjukdom</li> <li>➤ Ta i bruk ny teknologi for raskare diagnostisering</li> <li>➤ Redusere gjennomsnittleg ventetid i akuttmottak</li> </ul>
<b>Beredskap</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>➤ Vidareutvikle beredskaps- og smittevernplanar med bakgrunn i erfaringar og evalueringar av handtering av koronapandemien</li> </ul>

	<ul style="list-style-type: none"> <li>➤ Føre vidare arbeidet med å samordne beredskapsplanar med kommunane</li> </ul>
	<ul style="list-style-type: none"> <li>➤ Vidareutvikle DPS som nøkkelstruktur innan behandlingstilbodet i psykisk helsevern</li> <li>➤ Utvikle og ta i bruk virtuelle tenester</li> <li>➤ Utvida tilbodet om oppsøkande behandling innan psykisk helsevern</li> <li>➤ Identifisere pasientgrupper som har behov for spesialisthelsetenester ofte og nært</li> <li>➤ Tett dialog med kommunane i forhold til bruk av kommunale øyeblikkeleg hjelp døgntilbod</li> <li>➤ Vurdere å desentralisere poliklinikkar</li> <li>➤ Styrka ambulante tenester</li> <li>➤ Utføre spesialisthelsetenester heime hos pasienten når det er føremålsteneleg</li> <li>➤ Nært samarbeid med kommunane innan tidleg intervensjon og førebygging</li> <li>➤ God informasjon til fastlegar om lokale tilbod</li> </ul>
<b>Struktur og organisering av pasientbehandling</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>➤ Fleire skal få behandling i stol og ikkje i seng</li> <li>➤ Pasienten skal gå mest mogeleg på egne bein</li> <li>➤ Vidareutvikle forpliktande faglege nettverk og team på tvers av klinikkar og sjukehus</li> <li>➤ Sikre god koordinering mellom ulike avdelingar ved overføring av pasientar</li> <li>➤ Ha overdiagnostikk og overbehandling på dagsorden i dei medisinske fagmiljøa</li> </ul>
<b>Kapasitetsbehov og organisering psykisk helsevern</b> (Her kjem det fleire innspel. Prosess pågår.)	<ul style="list-style-type: none"> <li>➤ Styrke tilbodet til barn og unge gjennom BUP</li> <li>➤ Styrke tilbodet til brukarar med alvorlege og samansette behov</li> <li>➤ Vidareutvikle ambulante tverrfaglege team på tvers av kommunar og spesialisthelseteneste</li> <li>➤ Tettare integrering av avtalespesialistar</li> <li>➤ Utvida bruk av erfaringsmedarbeidarar</li> </ul>
<b>Standardiserte pasientforløp</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>➤ Implementering av nye nasjonale pakkeforløp</li> <li>➤ Gjennomføra pakkeforløp kreft innanfor standard forløpstid</li> <li>➤ Implementering og bruk av standardiserte pasientforløp interne og på tvers av kommune- og spesialisthelseteneste</li> <li>➤ Identifisere pasientar med behov for koordinerte forløp</li> <li>➤ Felles fag- og kvalitetsutvikling i føretaket på tvers av sjukehus og klinikkar</li> </ul>
<b>Trygg utskriving</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>➤ God dialog med kommunar i forkant av utskriving</li> <li>➤ Sikre vidare behandling og oppfølging med god og hensiktsmessig informasjon til samhandlingspartar i andre føretak og i kommunane</li> <li>➤ Ta i bruk sjekklister for utskriving og mal for utskrivingssrapport som er utarbeida i samarbeid med kommunane i regionen</li> <li>➤ Arbeide for at epikrise og legemiddelliste er klar ved utskriving</li> <li>➤ Delta i og implementere regionale prosjekt for trygg utskriving</li> </ul>
<b>Kvalitet og pasienttryggleik</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>➤ Vidareføre systematisk og målretta arbeid i samsvar med føretaket sin plan for kvalitet og pasienttryggleik</li> <li>➤ Sikre opplæring og kompetanse i forbetningsmetodikk</li> </ul>

	<ul style="list-style-type: none"> <li>➤ Arbeida mot utvikling av antibiotikaresistens og redusera forbruk av breispektra antibiotika</li> <li>➤ Aktivt bruke kvalitetsindikatorar i forbetningsarbeidet</li> <li>➤ Utnytte mogleikane som ligg i helsedata og styringsinformasjon til kontinuerleg forbetring</li> <li>➤ Fokus på likeverdige tenester utan uønska variasjon i ventetid, diagnostikk og klinisk praksis</li> <li>➤ Vurdere tiltak for å sikre gode tilvisingar frå fastlege</li> <li>➤ Vidareutvikle ein god meldekultur for uønska hendingar</li> <li>➤ Systematisk analyse av uønska hendingar og iverksetting av tiltak</li> <li>➤ Sikre kunnskapsoverføring og læring på tvers som følge av tilsyn og uønska hendingar</li> <li>➤ Sjå arbeidsmiljø og pasienttryggleik i samanheng</li> <li>➤ Arbeide systematisk og målretta med føretaket sin strategi og tiltaksplan for simulering og ferdighetstrening</li> </ul>
<b>Samhandling med private aktørar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>➤ Vidareføre samarbeidet med avtalespesialistar, ideelle aktørar og private ideelle aktørar med avtale</li> </ul>
<b>Samhandling med andre sjukehus i regionen</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>➤ Tettare samarbeid gjennom bruk av ny teknologi</li> <li>➤ God dialog om kva tenester som bør sentraliserast og kva som kan desentraliserast</li> </ul>
<b>Forskning, utvikling og innovasjon</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>➤ Auka satsing på klinisk forskning i tråd med nasjonale føringar. klinisk forskning er ein integrert del av klinisk praksis og pasientbehandling</li> <li>➤ Bidra til klinikknær forskning av god kvalitet i alle kliniske einingar</li> <li>➤ I tråd med nasjonale føringar, legge til rette for kliniske behandlingsstudiar som gir pasientar moglegheit for utprøvande behandling</li> <li>➤ Forsking med høg grad av klinisk relevans skal bidra til fagutvikling i klinikkane og styrke kunnskapsgrunnlaget for god pasientbehandling gjennom</li> <li>➤ Godt samarbeid med kliniske einingar, delte stillingar mellom klinikk og forskning og kunnskapsutveksling mellom kliniske avdelingar og forskarar</li> <li>➤ Alle forskings- og innovasjonsprosjekt skal bidra til betre helsetenester og må derfor involvere aktuelle brukarar av resultatata</li> <li>➤ Helse Fonna skal drive planlagt og aktiv forskingsformidling internt og eksternt for å styrke omdømet og tilliten i befolkninga, og skape engasjement og ein sterk kunnskapskultur blant medarbeidarane.</li> </ul>
<b>Digitalisering og ny teknologi</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>➤ Ta i bruk framtidsretta teknologi for raskare utgreiing og behandling</li> <li>➤ Fleire konsultasjonar på telefon og video</li> <li>➤ Vidareutvikle tilbod om e-meistring, nettbasert behandling</li> <li>➤ Vurdere bruk at digital plan for eigenmeistring</li> <li>➤ Ta omsyn til risiko for digital utanforskap</li> <li>➤ Bidra aktivt i utviklings- og implementeringsarbeidet knytt til IKT-satsingar</li> <li>➤ Ivareta gjeldande krav til informasjonstryggleik og personvern</li> <li>➤ Realisere gevinstar ved å ta i bruk ny teknologi</li> </ul>

<b>Flytte spesialist-helsetenester heim til pasientane</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>➤ Auka bruk av digital heimeoppfølging, videokonsultasjonar og nettbasert behandling</li> <li>➤ Teknologi skal vere ein integrert del av fleire pasientforløp</li> <li>➤ Auka satsing på ambulante tenester</li> </ul>
<b>Medarbeidarane våre</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>➤ Sikre eit godt arbeidsmiljø</li> <li>➤ Rekruttere, utvikle og behalde gode medarbeidarar</li> <li>➤ Redusere ikkje ønska deltid</li> <li>➤ Førebyggande HMS-arbeid skal prioriterast</li> <li>➤ Stimulere til kultur prega av samarbeid og heilskapleg tenking</li> </ul>
<b>Leiarskap</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>➤ Rekruttere, utvikle og behalde gode leiingar</li> <li>➤ Målretta satsing på auka leiarkompetanse</li> </ul>
<b>Bemanning og kompetanse</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>➤ Det skal leggjast til rette for livslang læring og heiltidskultur</li> <li>➤ Sikre nok personell med rett kompetanse</li> <li>➤ Fokus på å utdanne, rekruttere, behalde og vidareutvikle medarbeidarar</li> <li>➤ Ha gode planar for kompetanseutvikling</li> <li>➤ Vidareføre samarbeidet med utdanningssektoren</li> <li>➤ Bruke ferdighetstrening og simulering for å sikre tilstrekkeleg og rett kompetanse</li> </ul>
<b>Økonomi</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>➤ God økonomistyring og kostnadskontroll</li> <li>➤ Samordne aktivitets- og bemanningsplanlegginga</li> </ul>
<b>Bygg</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>➤ Rett arealkapasitet i forhold til planlagt drift</li> <li>➤ Sikre at areal og bygg er i eigna og god stand gjennom verdibevarande vedlikehald</li> <li>➤ Utarbeide planar for rehabilitering av dei bygga/lokala som er i dårlegast teknisk stand</li> </ul>
<b>Ytre miljø</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>➤ Vidareføre det systematiske arbeidet med å følgja opp handlings- og tiltaksplanar</li> <li>➤ Stille miljøkrav til leverandørar ved relevante innkjøp,</li> <li>➤ Stille miljøkrav til produkt og tenester</li> </ul>